



Øystre Slidre Arbeidarparti

Valprogram for perioden 2019-2023



Når fellesskapet er viktigast



Kjære innbyggere i Øystre Slidre!

Øystre Slidre har levende bygdesamfunn, et sterkt jordbruk og aktive stølsmiljø. Vi er tett på Norges vakreste fjell- og naturområder, vi har reiseliv i toppklasse- med Beitostølen i spissen. Vi vil føre en aktiv næringspolitikk med stor vekt på landbruk og reiseliv

Jeg ønsker sterkere fellesskap for alle. Vi vil fortsette å arbeide hardt for våre innbyggere, der alle kan få et trygt og godt liv. Alle skal være med. Gode barnehage - og skoletilbud, variert fritids- og kulturtilbud er viktig. Vi ser frem til åpningen av nye Øystre Slidre Helsetun, der vi vil sikre at alle får den hjelpe vi trenger når vi trenger det. Vi vil løfte tilbuddet for barn og unge i kommunen vår. Her vil vi styrke tilbuddet innen psykisk helse.

Jeg er ydmyk for den tillit jeg har fått som ordførerkandidat for det beste laget. Vi er klar for å kjempe for at Øystre Slidre fortsatt skal være en av Norges beste bo -og fritidskommuner, der innbyggerne og lokalt næringsliv står i fokus. Uansett håper vi DU bruker stemmeretten din. For å bestemme må DU stemme. Med ønske om et godt valg.

Bjarne Budal

Ordførerkandidat Øystre Slidre AP

Skape for å dele

Arbeidspartiet vil at alle skal kunne leve trygge og meiningsfulle liv. Derfor er våre verdier fridom, likskap og solidaritet. Vi meiner at vi løyser dei viktigaste og største samfunnsoppgåvene i fellesskap som gir fridom til ALLE, fridom til å delta, fridom til å velje, fridom til å realisere sine draumar og nytte sine evner. I Øystre Slidre AP vil vi jobbe for at desse verdiane skal vere synlege i alle forslag vi kjem med, og i alle vedtak vi fattar. Det skjer mykje positivt i Øystre Slidre. **Vi vil halde fram den positive utviklinga, og vi vil styre kommunen dei neste 4 åra.**

Vi håper du støttar verdiane våre!

"Sterkare fellesskap mot auka skilnader"

Viktige saker for Øystre Slidre AP ved valet i 2019:

- Vi vil styrke landbruk og reiseliv gjennom gode tilskotsordningar og rammevilkår, kompetanseutvikling og samhandling.
- Vi skal utvide stillinga som kommunepsykolog, med særleg fokus på tidleg innsats for barn og unge. Vi vil styrke psykiatrikompetansen på kveld og helg
- Vi skal legge betre til rette for kjeldesortering fleire stader, mellom anna i hytteområde og på rasteplassar
- Vi vil at fleire unge vaksne skal flytte til(-bake) til Øystre Slidre. Vi vil sørge for nok bustadtomter i heile kommunen, gode oppvekstvilkår og arbeid til alle.
- Gang- og sykkelveg frå Nordheimvegen til Lidar skule, frå Kyrkjebergvegen til Moane og kurveutretting av Smådalssvingen.
- Vi skal innføre kultur- eller fritidskort for barn og unge som treng støtte til å vere med på aktivitetar, slik at alle kan få ta del i kultur- og fritidsaktivitetar
- Vi vil sørge for gode tenester til eldre, og at Øystre Slidre helsetun skal bli eit moderne og framtidsretta sentrum for helse- og omsorgstenestene.
- Vi vil jobbe for at kommunen kan tilby heile stillingar for alle som ønskjer det

Arbeidsplassar og næring:

Arbeid er ein viktig kjerneverdi i Arbeidarpartiet og eit viktig grunnlag for sjølvkjensle, meistring, inntekt og deltaking i samfunnet. Å skape arbeidsplassar er derfor avgjerande for å få til eit sunt og godt lokalsamfunn. Derfor betyr det mykje for oss at vi har ein aktiv næringspolitikk, den er kjernen i Arbeidarpartiet.

Arbeidarpartiet vil derfor ha ein aktiv næringspolitikk med særleg vekt på landbruk og reiseliv. Vi vil ha tett dialog med breidda i **næringslivet** og støtte opp om bedrifter så dei kan vere inkluderande, inspirerande og innovative.

«Arbeid til alle er jobb nummer ein»



Landbruk:

Fjellbygdene produserer rein, trygg og sunn mat. Samarbeid mellom landbruk og reiseliv er positivt for etterspurnad etter kortreist mat. **Vi ynskjer eit aktivt landbruk med levande stolar, utmarksbeite og god tilrettelegging for vekst innan landbruket i Øystre Slidre.** Ved rovdyrskader på beitedyr i beiteprioriterte område er det viktig at det blir gjeve fellingsløyve med ein gong og at det blir sett inn nok ressursar for å få tatt ut skadedyra.




Øystre Slidre AP vil:

- Vi vil gje tilskot til utmarksbeite og nydyrkning
- Vi vil sette inn tiltak mot gjengroing
- Vi vil stimulere til kompetanseutvikling og lærlingepllassar i landbruket
- Vi vil styrke avløysarordninga



Reiseliv:

Øystre Slidre er ein hytte- og turistkommune i vekst. Arbeidarpartiet vil halde fram med å styrke Øystre Slidre som ein aktiv reiselivskommune. Reiselivet er ein viktig motor og inntektskjelde for kommunen og genererer verdiar også for tilknytta næringer. Dette gir grunnlag for sysselsetting og skatteinngang som sikrar gode velferdstenester. Vi skal bidra til vidare utvikling av reiselivet som industri gjennom samhandling og samarbeid med aktørane i næringa. Vi vil støtte opp om fellesgode, infrastruktur og arrangement. Vi er opptekne av ei berekraftig utvikling. Vi vil ta vare på uberørt natur og vil legge til rette for berekraftig bruk av naturen. Fjellstyret og nasjonalparkstyret er gode samarbeidspartnarar for å sikre god forvaltning av våre naturressursar.



Øystre Slidre AP vil:

- Vi vil, ved planlegging av nye hyttefelt, ta vare på større, samanhengande naturområde, både i barskog, i bjørkeskogbeltet og på snaufjellet.
- Gje tilskot til fellesgode og infrastruktur
- Samarbeide om store arrangement
- Vi vil stimulere til kompetanseutvikling og lærlingepllassar
- Etablere samarbeidsorgan med aktørane i reiselivet
- Stimulere til samarbeid mellom landbruk og reiseliv for å utvikle gode merkeprodukt
- Sørge for god sentumsutvikling på Beitostølen

Arbeidsliv:

Kommunen sin viktigatse ressurs er dei tilsette. At dei tilsette trives og har gode arbeidstilhøve er avgjerande også for kvaliteten på tenestene. Vi skal sikre eit godt samarbeid med fagrørsla. Vi vil **arbeide for eit anstendig arbeidsliv og kjempe mot sosial dumping.**

Øystre Slidre AP vil:

- Stimulere til fleire læreplassar innan ulike yrkesgrupper og vere pådrivarar for at fleire lærlingar og praksiskandidatar blir tilsett i offentleg sektor og i bedrifter.
-  Jobbe for at kommunen kan tilby heile stillingar for alle som ønskjer det
- Ha særskilt rettleiing til bedrifter som tilsett flyktningar.
- Arbeide for å skape fleire arbeidsplassar både for folk med fagutdanning og folk med utdanning frå høgskule og universitet.
- Ha eit godt og forpliktande samarbeid med fagrørsla og næringslivet.
- Bidra aktivt til at bedrifter samarbeider om kompetanse, innovasjon og nytenking.

Helse og omsorg:

For Øystre Slidre Arbeiderparti er det viktig med ei helse- og omsorgsteneste der pasientar og brukarar er i sentrum, der det er nok bemanning, der dei tilsette har naudsynt kompetanse, og der ein tek i bruk aktuelle teknologiske løysingar. Helse og omsorg er den tenesta i kommunen med flest årsverk.

Øystre Slidre er heldig, vi har vekst i næringslivet, stabilt folketal og relativt fleire unge enn samanliknbare kommunar. Fleire eldre vil bu heime, og vi vil legge til rette for det ved å støtte opp om ulike typer hjelpebehov. Samstundes skal dei som treng det få tilbod om heildøgns omsorg. **Vi vil at Øystre slidre helsetun skal bli eit moderne og framtidsretta sentrum for helse- og omsorgstenestene.**

Kvardagsrehabilitering er eit tilpassa rehabiliteringstilbod med mål om betre meistring av daglege gjeremål, og med mål om å bu lengre heime. Det blir gjort eit godt førebyggande arbeid knytta til eldre i kommunen!



Innan rus og psykiatri ser vi at det er eit aukande behov, også blant dei unge. Mykje av kommunen sine legeressursar blir brukt til psykiatri. Vi vil derfor legge til rette for eit styrka tilbod innan psykisk helse. Helsestasjonen har ein viktig kontakt med barn, unge og foreldre. Dei må vere i stand til å møte vanskelege utfordringar og ha ressursar til førebygging og å vere ute i skule og barnehage for å møte dei det gjeld. Eit godt samarbeid med dei unge sjølv, er nødvendig. Helse- og omsorgsplanen skal reviderast, og vi vil arbeide for å få inn tiltak i den som er i tråd med utviklinga i kommunen.

VLMS tilfører regionen mykje kompetanse og gjer at pasientar har eit helsetilbod som er nærmere seg. Øystre Slidre AP vil jobbe for at VLMS kan vidareutviklast, og at tilbodet blir utvida til det beste for innbyggjarane i Valdres.

«Øystre Slidre AP skal sikre gode helsetenester for alle generasjonar»

Øystre Slidre AP vil:

- Arbeide for at stillinga som kommunepsykolog vert utvida til 100%, med særleg fokus på tidleg innsats for barn og unge. Stillinga vert knytt til helsestasjonen for å styrke kapasitet og kompetanse og sikre eit godt team.
- Styrke psykiatrikompetansen på legevakt for pasientar som treng hjelp om kvelden eller i helga.
- Ha eit godt samarbeid med ungdomsteamet i NAV.
- Arbeide for at det blir teke i bruk velferdsteknologiske løysingar
- Sikre at det er nok midlar til etter-/vidareutdanning, særleg innan psykiatri og geriatri (eldre).
- Styrke tilbodet til demente og utarbeide plan for demensomsorg
- Etablere servicestasjon for eldre og andre som treng hjelp til kvardagsoppgåver som snømåking, plenklipping m.v, i samarbeid med frivillige.
- Stimulere til kurs for foreldre på helsestasjonen.
- Arbeide for at VLMS får regulereringstannlege.

Skule og barnehage:

Meistring og sjølvkjensle gjer barn og unge til trygge medmenneske. Dei skal ut i samfunnet, først i barneår, i skule og barnehage, på fotballtrening og svømmekurs, deretter på ungdomsklubb, og til sist

ut i arbeidsliv og organisasjonsliv. Vi vil dei skal bli gagns menneske som evnar å samarbeide og vise empati og omsorg for andre. Vi vil satse på barn og unge, at dei får gode opplevingar så tidleg som mogleg og som gir dei den ballasten dei treng for den positive utviklinga.

Øystre Slidre AP vil satse på barn og unge. Vi vil oppretthalde høg lærartettleik og nok ressursar i skule og barnehage til å prioritere oppfølging av born med ekstra behov. Vi vil prioritere gode rammer for kompetansearbeid i skule og barnehage. Vi vil ha god trivsel og aktivt arbeid mot mobbing blant barn og unge og syte for at barn og unge får verdfull digital kompetanse og får utvikle sin skaparkraft. For å unngå fråfall i vidaregåande skule, må samarbeid mellom ungdomsskule og vidaregående vere godt. Elevane må sikrast god rettleiing i val av studieretning og yrkesretning.

Øystre Slidre AP vil:

- Vi vil legge til rette for at leiarar og tilsette kan drive utviklingsarbeid på eigen arbeidsplass i skule og barnehage.
- Utvikle skulefritidsordning (SFO) med kultur- og aktivitetstilbod
- Ha nullvisjon mot mobbing
- Oppretthalde heilårsoptak i barnehagane
- Sikre oppfølging av ungdom i risiko for fråfall gjennom ungdomskontakter og ungdomsteamet i NAV
- Ha eit godt samarbeid med ungdomsrådet.

Kultur, idrett og frivillige

Dugnadsanden står sterkt i Øystre Slidre og er ein viktig verdi for samfunnet. Vi har fleire større arrangement, og **vi er stolte av at ein liten kommune får til så mykje!** Alle frivillige innan ulike organisasjonar gjer eit uvurderleg arbeid for samfunnet og er viktig både for dei som får hjelp og dei som gir hjelp. Frivilligsentralen gjer eit godt arbeid som er viktig for mange. Øystre Slidre AP vil oppretthalde støtte til frivillige organisasjonar og til Frivilligsentralen. Det er viktig med eit tett samarbeid mellom skulen og frivillige lag og organisasjonar.



Inkludering av dei som kjem nye til kommunen er vårt alles ansvar. Vi vil kommunen skal vere pådrivar for inkludering i arbeidslivet, i lag og foreiningar, i kulturaktivitetar og i aktivitetar for barn og unge.

«Store moglegheiter- små forskjellar»

Vi ønskjer eit variert tilbod av aktivitetar til borna våre. **Øystre Slidre skal ikkje vere eit lokalsamfunn med store skilnader, og ungar fra alle sosiale lag skal få ta del i kultur- og fritidsaktivitetar.** Vi er stolte av ungdomshuset Gapahuken, og vi vil at tilbodet skal bli utvikla i samarbeid med ungdommen sjølv. Kulturskulen er populær, og vi ynskjer at det skal vere eit variert tilbod der og plass til dei som ynskjer det.



Øystre Slidre AP vil :

- Oppretthalde eit variert tilbod i kulturskulen og styrke tilbodet innan særpopulære aktivitetar.
- Innføre kultur- eller fritidskort for barn og unge som treng støtte til å vere med på aktivitetar , slik at alle kan få ta del i kultur- og fritidsaktivitetar
- Ha gode anlegg og arenaer for idrett og aktivitet
- Ha eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

Samfunnsutvikling:

Ufordinngane i samfunnet vårt er mellom anna knytt til klima, inkludering, innbyggartal og digitalisering. Distriktpolitikken er og viktig for fjelkommunen Øystre Slidre. Vi vil ha eit lokalsamfunn med små skilnader og like moglegheiter. Vi vil ha eit næringsliv som tenker utvikling, arbeidsplassar og gode arbeidsvilkår

Dei eldre er ein ressurs, men vi må og tilpasse tenestetilbodet. Det er viktig at ein oppvekst i Øystre Slidre gjer ungdommen klare og trygge for å møte verda, og ikkje minst ønskjer vi at dei skal flytte tilbake etter studiar. **Korleis vi skal gjere Øystre Slidre til eit attraktivt samfunn også for dei unge vaksne er ei utfordring vi må ta tak i.** Vi meiner eit variert bustadtilbod er av betydning.

Samferdsel er viktig for Øystre Slidre. Arbeidarpartiet vil jobbe både for veg og for eit godt kollektivtilbod. Gang- og sykkelvegar gir gode tilbod for både trim og trygg ferdsel. Alt dette er bra både for fastbuande, turistane og reiselivet. Øystre Slidre AP ønskjer eit samfunn basert på **auka berekraft**, ny teknologi og fornybar energi. Vi meiner

klimapolitikk også er god næringspolitikk. Vi støttar «Visit Valdres» si satsing i prosjektet «Bærekraftig reisemål» og vil mellom anna legge til rette for at det blir enklare å **kjeldesortere** i hytteområde og på rasteplassar. Ei oppdatering av miljø- og klimarekneskap for kommunen er til god hjelp. Øystre Slidre AP er oppteken av at vi, som nasjonalparkkommune, skal ta vare på naturressursane.

Omgrepet berekraftig utvikling vart kjent gjennom Brundtland- rapporten i 1987. Det er utvikling som imøtekjem behova til noverande generasjon utan å redusere moglegheitene til komande generasjoner.

Som folkevalde er vårt samfunnsoppdrag å gjere Øystre Slidre til eit godt samfunn å bu i, å arbeide i, og å kome til. Arbeidarpartiet meiner at vi løyser dei store oppgåvene best i fellesskap. Vi ønskjer eit samfunn der det er godt og trygt å leve for alle, der alle får lik moglegheit til å delta i samfunnet og lik tilgang på tenester. Vi trur vi blir sterkare av å løyse oppgåver saman. **Vi trur på eit samfunn der alle er med!**

Når fellesskapet er viktigast- Stem Øystre Slidre AP

Øystre Slidre AP vil:

- Breiband og offentleg vatn og avlaup er viktig for næringslivet, men og for den enkelte innbygger. Vi vil jobbe for utbygging!
- Dataopplæring til alle over 60 år som treng det.
- Vi vil utvikle Heggenes og Beitostølen til sentrum som gjer oss til ein attraktiv stad å reise til, samt trivsel for oss som bur her.
- Sørge for stigar og løyper som gir trivsel og aktivitet for alle i kommunen.
- Arealpolitikken skal legge til rette for næringsutvikling og tomter til næringsformål, men og ta vare på viktige verdiar i natur og landskap.
- Sørge for **varierte bustadtilbod** i heile kommunen. Det gjer det lettare å freiste folk til å flytte hit, og å få unge til å flytte tilbake etter studiar
- Vi vil samarbeide med landbruket om bustadutvikling i heile kommunen.
- Valdres skal bli eit **berekraftig reisemål**, og vi vil stimulere til miljøvenlege reiser med fleire sømlause kollektivtilbod.
-  Vi skal legge betre for **kjeldesortering** fleire stader, mellom anna i hytteområde og på rasteplassar. Etablere fleire miljøtorg.
-  Vi vil arbeide for fleire strekningar med gang- og sykkelveg langs fylkesveg 51. Første prioritert er strekninga Nordheimvegen til Lidar skule og Kyrkjebergvegen til Moane.
- Vi vil arbeide for kurveutretting av Smådalssvingen
- Eigendomsskatt bidreg til at Øystre Slidre kan utvikle eit godt tenestetilbod og drive næringsutvikling. Øystre Slidre AP vil halde eigendomsskatten på dagens nivå og ikkje auke den.

Dette har vore viktige politiske saker for Arbeiderpartiet i perioden 2015-2019:

- Ferdigstilling av ungdomshuset Gapahuken
- Vedtak og oppstart av Øystre Slidre helsetun
- Oppstart av arbeid med Beitostølen sentrum
- Ferdigstilling av Rogne barnehage
- Planlagt asfaltering Helsesportssenteret- Nordheimvegen
- Vedtak av plan for vatn og avlaup for kommunen.
- Vedtak av arealdelen til kommuneplanen
- Bygging av omsorgsbustader Heggenes
- Oppstart gang- og sykkelveg Rogne skule-Kyrkjebergvegen
- Innføring av 5-dagers skuleveke for 1. og 2.klassingar
- Ferdigstilling av leikeområde på Rogne skule



Vedtatt liste for Øystre Slidre Arbeiderparti til kommunevalet 2019

Plass	Namn	Bustad	Fødd
1.	Bjarne Budal	Beitostølen	1963
2.	Rannveig Hovi	Rogne	1978
3.	Mari Rabben Lundby	Rogne	1982
4.	Tor Erik Heyerdahl Nyquist	Beitostølen	1967
5.	Ragne Aasan	Beitostølen	2001
6.	Nicolay Flaaten	Beitostølen	1968
7.	Bjørg Kristin Veisten	Rogne	1959
8.	Ove Skaret	Heggenes	1949
9.	Pål Andvord	Beitostølen	1975
10.	Helene Skogen	Rogne	1986
11.	Claes-Christian Poulsen	Rogne	1960
12.	Berit Holterman Flaaten	Beitostølen	1969
13.	Kjell Gunnar Andersen	Rogne	1976
14.	Azzam Al Nasif	Rogne	1982
15.	Anne Synnøve Austdal	Heggenes	1968
16.	Vidar Hilmen	Beitostølen	1964
17.	Terje Kristiansen	Rogne	1954
18.	Sissel Gulbrandsen	Rogne	1975
19.	Stine Schlytter	Skammestein	1980
20.	Svein Høgsnes	Rogne	1966
21.	Bente Thon	Rogne	1975

Visste du at?

Ved forrige kommuneval stemte kun 58,5 av dei med stemmerett i Øystre Slidre. Vi ønskjer at fleire skal bruke stemmeretten!

For å bestemme må du stemme